



<b>Avgjerd av:</b> Oppvekstutvalet <b>Saksbehandlar:</b> Bjarte Gangeskar	<b>Objekt:</b> <b>Arkiv:</b> F4 &13	<b>Arkivsaknr.:</b> 12/1533-4
--	--	----------------------------------

## Høyringsuttale frå Gloppen kommune - framlegg til endring i barnevernlova

### Vedlegg:

Dok.nr            Tittel på vedlegg  
183245            Høyringsuttale - Oppvekstutvalet 034-12.doc

Ingen vedlegg.

### Bakgrunn for saka:

Departementet har i skriv av 05.09.12. bede om høyringsuttale i høve framlegg til endringar i lov om barneverntjenester (lvbtj). Bakgrunnen for framlegga er fleire evalueringar av forvaltningsreforma (Statleg overtaking av det fylkeskommunale barnevernet).

### Saksutgreiing:

Famlegget har tre fokusområde. Dette er:

- ◆ Oppgåve og finansieringsansvaret
- ◆ Betre samhandling mellom stat og kommune
- ◆ Styrka rettstryggleik for borna i barnevernet

Mange av dei foreslegne endringane vil ha små konsekvensar for det kommunale barnevernet. I den vidare framstillinga vil Rådmannen difor berre ha fokus på det som vert vurdert til å vere dei viktigaste og mest kontroversielle framlegga.

### Oppgåve og finansieringsansvaret:

Departementet gjev uttrykk for at det er ei målsetting at kommunane si rolle i barnevernet skal styrkast og staten si rolle avgrensast. Kort oppsummert kan ein seie at staten (BUFETAT) sine lovfesta oppgåver er å rekruttere fosterheimar og å drive institusjonar. Uavhengig av dette har kommunen fullt ansvar i alle barnevernsaker, anten desse er i statlege tiltak eller ikkje. Det er likevel ei brei semje i kommunebarnevernet om at BUFETAT har utvida sitt mandat og delvis overprøver barnevernfaglege vurderingar utan at det finst heimel for dette.

### **Auke i kommunal eigendel for institusjonsplass:**

Det mest konkrete framlegget frå departementet er å gje kommunane større økonomisk ansvar for dei statlege tiltaka. Førrebels gjeld dette berre institusjonstiltaka, men det vert signalisert at ein vil komme attende med framlegg om det same i høve statlege fosterheimar, kommunal eigendel styrkingstiltak i forsterka fosterheimar og evt. andre tiltak i regi av staten. I dag betaler kommunane kr. 35.390,- pr. mnd. i eigendel for ein institusjonsplass. Departementet meiner at denne satsen er så låg at kommunane nyttar slike plasseringar som eit billeg og lettvent alternativ til andre løysingar. I framlegget står det m.a.: «*Viss kommunene skal klare å ivareta sin rolle som fordeler av barnevernets midler, må kommunen faktisk og oppleve at ulike tiltak koster og at de koster forskjellig. Dette vil bidra til en betre ressursbruk.*»

På bakgrunn av dette foreslår ein å auke satsen til anten kr. 70.780,- eller kr. 106.170,- pr. mnd. Finansiering av denne auken skal skje ved at kommunane få ei tilsvarande auke i rammetildelinga.

Det vert og argumentert med at BUFETAT på denne måten får ein større del av sitt driftsgrunnlag direkte frå dei som bestiller tiltak og difor i større grad må tilpasse tiltaka sine til etterspurnaden.

### **Betre samhandling mellom stat og kommune:**

#### **Avvikling av alle ulovfesta oppgåver:**

Departementet foreslår at alle ulovfesta oppgåver som t.d. fagleg råd og rettleiing i enkeltsaker, utgreingsbistand og tilskot til hjelpetiltak for å hindre plassering vert avvikla. Heimebaserte hjelpetiltak, utover MST og PMTO vert og avvikla dersom det framlegget som ligg føre vert vedteke. BUFETAT skal i staden få eit hovudansvar i form av generell fagleg rettleiing og utvikling, td. i kartleggingsmetodikk og kva som er god kommunal sakshandsaming og kvalitet i kommunalt barnevern.

Departementet meiner at ei slik tydeleggjering av kommunen sitt faglege ansvar, vil betre samhandlinga mellom stat og kommune.

#### **Rett til å krevje ytterlegare utgreiing før vedtak om tildeling av tiltak**

Det vert foreslått at BUFETAT gjennom forskrift skal kunne pålegge vidare utgreiing av barnevernsaker der det er søkt om statlege tiltak. Samstundes vert det peika på at kommunane (evt. fylkesnemnda) har den endelege vedtakskompetansen i høve dei lovfesta tiltaka BUFETAT skal levere.

### **Styrka rettstryggleik for borna i barnevernet**

I all hovudsak er endringane som er foreslått her anten ei presisering av gjeldande regelverk, endring av omgrep eller andre endringar som i liten grad får konsekvensar for kommunen.

#### **Tilsynsansvar for born i fosterheim:**

Det vert foreslått endringar i høve tilsynsansvaret for barn som bur i fosterheim. Forslaget er at dette skal profesjonaliserast gjennom at det er kommunen og ikkje barneverntenesta gjennom oppdragsavtaler med eksterne tilsynsførarar, som får ansvaret for slik tilsyn. Kommunen kan, etter det nye framlegget, løyse dette ved å kjøpe tenesta frå private aktørar og/eller legge denne oppgåva til ei kommunal eining som har kompetanse til å snakke med born i spesielle situasjonar. Det vil framleis være slik at sakshandsamar i barneverntenesta ikkje kan utøve tilsyn i desse sakene.

#### **Økonomiske konsekvensar for kommunen:**

Det er vanskeleg å berekne dei økonomiske konsekvensane av framlegga for Gloppen kommune. Auke i rammeoverføringa vil faktisk kunne føre til at kommunen tener på ei auke i eigendelen. Føresetnaden er då er at ein over tid ikkje har saker som endar med institusjonsplassering.

Dersom ein må nytte institusjon som tiltak vil dei økonomiske konsekvensane blir store. Ein årleg kostnad på ca. 1, 2 mil. pr. sak, vil bety at ei sak pr. år vil utgjere 25% av tenesta sitt netto driftsbudsjett med utgangspunkt i dagens drift. Ei generell auke i rammene til kommunane vil sjølv sagt ikkje dekke opp for slike kostnader.

Erfaringstal viser at Gloppen i liten grad har nytta seg av institusjonsplassering som tiltak i barnevernet når ein ser dette over lengre tid. I perioden 2010 – 2012 har vi imidlertid hatt to plasseringar på ordinær barnevernsinstitusjon og ein familie på foreldre- og barn senter.

Avvikling av ulovfesta oppgåver vil i all hovudsak ikkje få dei store økonomiske konsekvensane for Gloppen kommune. Dersom dei statlege heimebaserte tiltaka vi har tilgang til i dag vert avvikla, må ein truleg starte debatten med andre nærliggande kommunar om å etablere egne heimebaserte tiltak i fellesskap med dei. Eit slikt kompetansesamarbeid kan truleg finansierast – i alle fall delvis- gjennom dei midlane som i dag vert brukte til å kjøpe statlege hjelpetiltak. Å drifte slike tiltak sjølv vil og kunne gje betre styring og meir fleksibilitet i høve ressursbruk for den kommunale barneverntenesta.

Endring i måten å organisere tilsynet på, i retning av meir profesjonalisering, vil føre til ei marginal kostnadsauke for kommunen ved at timeprisen for tilsyn vert noko høgare. Dette vil delvis kunne bli kompensert for ved at tilsyna vert meir effektive og standardiserte.

### **Rådmannen si vurdering:**

Rådmannen er svært kritisk til framlegget om auke i eigendelen på institusjonsplass. Kostnad er sjølvsagt, og skal sjølvsagt vere, eit incitament når ein vurderer tiltak også i barnevernet. Det fins likevel ingen dokumentasjon på at dagens kostnadsnivå fører til at kommunane nyttar slike plasseringar som eit lettvtint og billeg alternativ for å overføre kostnader frå kommune til stat, slik departementet hevdar i si framstilling. Tvert i mot veit vi at det er brei fagleg semje om at institusjonstiltak berre skal brukast når det ikkje er andre utveggar. Det er og eit faktum at kommunane sin bruk av institusjonsplass har gått ned kvart år frå 2007 og fram til i dag. Dette skjer samstundes som det samla talet saker i barnevernet aukar kraftig. Det er elles ikkje slik at institusjonsplass kostar det same for kommunane som andre statlige tiltak. Institusjonsplass er faktisk dobbelt så dyrt for kommunane som dei statlige heimebaserte tiltaka og vesentleg dyrare enn dei mest kostnadskrevjande fosterheimsplasseringane. At kommunane betaler prosentvis mindre av den reelle kostnaden for ein institusjonsplass har difor inga betydning for kommunen sitt val av tiltak.

Rådmannen er og svært kritisk til at departementet ikkje ser framlegget om auke i eigenbetalinga i samanheng med staten sine oppgåver på fosterheimsområdet. Mange kommunar, inkludert Gloppen, melder om at BUFETAT ikkje klarer å rekruttere nok og gode nok fosterheimar. Det er og mange eksempel på at kommunar må plassere barn som ikkje kan bu heime på institusjon, fordi BUFETAT ikkje klarer sine lovpålagde oppgåver med å rekruttere fosterheimar. I lys av dette blir det eit paradoks at kommunane skal betale høg eigendel fordi staten ikkje klarer å levere eit billegare og oftest betre tiltak. Eit tiltak som dei etter lovverket faktisk er pliktig til å levere.

Andre alternative tiltak til institusjon vil vere ulike typar heimebaserte tiltak. For mange barn og unge vil det ikkje være eit reelt alternativ. Skal slike tiltak ha ein viss effekt må det vere raskt endringspotensiale hjå foreldre. I mange av desse sakene snakkar vi om ungdom som må ut av heimen fordi dei sjølve har utvikla store problem og fordi foreldra har omfattande problematikk både i høve rus, vald og psykiatri. Då er det diverre slik at dei alternative tiltaka vil ha liten effekt. Sjølv om ein skal satse på tidleg intervensjon og forebygging er det viktig at ein ikkje bygger ned tilbodet til dei unge som faktisk er komne i ein dramatisk dårleg omsorgssituasjon.

Det kan ikkje leggast skjul på at ei så dramatisk auke som er foreslått vil føre til at terskelen for å plassere på institusjon blir høgare. Institusjonane sitt driftsgrunnlag vil bli meir avhengig

av at kommunane kjøper plass, noko som igjen vil føre til at institusjonar som ikkje har fullt belegg vil få eit svekka driftsgrunnlag.

Konsekvensen vil bli ei sentralisering av institusjonstilbodet til storbyane og eit dårlegare tilbod til distrikta. Dette er og i strid med prinsippa om tiltak nærast mogleg heimemiljøet og eit likeverdig barneverntilbod i heile landet.

Etter Rådmannen sitt syn er det viktig at staten framleis må dekke hovuddelen av kostnadane for dei mest ressurskrevjande barneverntiltaka. Det er ikkje belegg for påstandane om at dette har ført til og vil føre til at det forebyggjande arbeidet vert lite prioritert. Alternativet er faktisk at barneverntenesta i mindre kommunar (fleirtalet av norske kommunar), vil vere svært sårbare for utgiftsvingingar i barneverntenesta. Dette vil dette være eit større trugsmål i høve tidleg intervensjon og forebygging enn låge kommunale eigendelar på institusjonsplass.

Rådmannen er positiv til at dei ulovfesta oppgåvene vert teke vekk og lagde til kommunen, slik dei faktisk etter lova skal vere. Ein konsekvens av dette må vere at mykje av ressursane som i dag vert brukte på fagteam og byråkrati på regionnivå, må førast attende til kommunane. Det er elles vanskeleg å forstå av høyringsutkastet korleis staten tenkjer seg å skilje rolla som tenesteleverandør og rolla som fagutviklar. Ein naturleg konsekvens er uansett at heile ordninga med fagteam i si noverande form vert vurdert avvikla.

Å skulle legge til rette for eit tydlegare og større fagleg ansvar og samstundes opne for at BUFETAT kan overstyre kommunale vedtak gjennom ytterlegare utgreiing er eit uakseptabelt framlegg. Anten har kommunen vedtakskompetanse i desse sakene, eller så har den det ikkje. Ei ordning som skissert vil ikkje vere med på å betre samarbeid og tydeleggjere kven som har ansvar for kva. Mange kommunar melder frå om at BUFETAT allereie i dag svarer på søknader ved å be om nye utgreiingar og drøftingar og ikkje aksepterer at kommunen faktisk har fatta vedtak i saka.

Rådmannen er positiv til framlegget om endringar i organisering av tilsynsførarordninga for fosterheimar. Dersom ein skal legge denne til ei eining i kommunen er det og fornuftig at dette ikkje kan være barneverntenesta. I tilfelle peikar helsestasjonen seg ut som ei naturlege eining å legge dette ansvaret til.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Oppvekstutvalet støttar rådmannen si vurdering og vedtek at denne vert send som høyringssvar frå kommunen.

### **16.10.2012 OPPVEKSTUTVALET**

#### **034/12 VEDTAK:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.